

DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 71171540

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

Innkalling til mte

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)

Mtedato: Onsdag 26. april 2023

Mtetid 18.40

Mtestad: Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellestråd

Arne Hjelmås, Sissel Kvist, Svein Lwe, Eva Beate Nyb, Odd Arve Orten, Anne Beate Storbakk Skeide, Anne Berit Oterhals Skrede, Berit Marie Sporsheim, Rune Vågy og Kristian Finn Risung (10)

*Forfall meldast til underteikna som srger for innkalling av varamedlemmar.
Varamedlemmar fr innkallinga til orientering og mter ved nrre innkalling.*

Opningsord

SAKLISTE


SR/FR-sak

- | | |
|------------------|--|
| SAK 26-23 | GODKJENNING AV:
A. Innkalling
B. Referat fr mte 30.03.2023 |
| Sak 27-23 | Godkjenning av liste til soknerdsvalet 2023 |
| Sak 28-23 | Val av entreprenr til sprinklaranlegg i Aukra kyrkje |
| Sak 29-23 | Orienterings-/drftingssaker
29-23-1 Tidsplan – tilsetting av domprost i Molde domprosti
29-23-2 Frespurnad om Open kyrkje sommaren 2023 |
| Sak 30-23 | Eventuelt |

Aukra 19.04.2023

Eva Beate Nyb
Leiar
(sign)

Max Ingar Mrk
Kyrkjevevjavikar/sekretr
Tlf: 951 85 921



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

MØTEREFERAT

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: 30.03.2023
Møtetid: 1840-2100
Møtestad: Undervisningsrom, kyrkjelydshuset

Desse medlemmane møtte:

Eva Beate Nybø, Berit Marie Sporsheim, Anne Berit Oterhals Skrede, Kristian Finn Risung, Sissel Kvist, Odd Arve Orten, Svein Løwe og Peder Nedrelid (8)

Forfall: Rune Vågøy, Anne Beate Storbakk og Arne Hjelmås (3)

Sekretær: Max Ingar Mørk

Opning: Sissel song *En tåre renner fra ikonet* av Bjørn Eidsvåg (NoS 362).

SAKLISTE :

SAK 21-23

GODKJENNING AV:

C. Innkalling

Innkallinga blei godkjent utan merknader.

D. Referat frå møtet 26.01.2023

Referatet blei godkjent utan merknader.

SAK 22-23

Oppnemning av komité for Kyrkje Julsundet

Rådet hadde følgjande kommentarar til saka:

- Positivt at kyrkjevevja blir med, men han/ho er ikkje medlem av komitéen
- Komitéen må vere forankra i SFR, og minst eit medlem bør kome frå SFR
- Prøve å få med i komitéen dei to nye medlemmane frå Julsundet etter valet
- Komitéen består ut over soknerådsperioden
- Komitéen må greie ut kva som er mest føremålstenleg: kyrkje, kyrkjelydshus eller sambrukshus
- Spørsmålet om gravstad må avklarast med kommunen. Det vil avgrense aktuelle tomtealternativ. Det er tidlegare gjort avtale med Vågøy sokn om at Hestadholen skal vere gravplass også for Julsundet. Dette har vore lite nytta; ein lokal gravstad vil skape større forankring for folk i Julsundet.
- Komitéen må kome tilbake til soknerådet med forslag til meir detaljert mandat

Det blei votert over innstillinga, som blei samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Følgjande personar vert oppnemnde som komité for Kyrkje Julsundet: Kristian Finn Risung, Sissel Kvist og Kjell Hollen. Det vert arbeidd med å få med fleire medlemmar på sikt.

Mandatet til komitéen er å greie ut vidare planar for tomt og behov for kyrkje og gravstad i Julsundet.

Komitéen vil saman med kyrkjevevja vende seg til kommunen for å få til eit nærare samarbeid om saka. Komitéen rapporterer til SFR.

SAK 23-23

Fastsetting av tillate persontal i kyrkja.

Framlegg til vedtak:

Aukra SFR tek framlegget om tillate persontal i kyrkja til orientering.

Handsaming:

Rådet drøfta konsekvensane av framlegget, særleg ved store hendingar som julaftan, konfirmasjon og store gravferder. Rådet meinte saka var for viktig til å berre takast til orientering, og at det sjølv måtte ta ansvar for vedtaket.

Svein Løwe føreslo å bruke konklusjonen i saksframlegget som vedtak, og dette vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Det samla tillatne persontalet i kyrkja er 200 nede + 80 på galleriet + 12 på småbenkar = 292 personar. Ved å tillate at nokre personar står, t.d. i våpenhuset, kan talet rundast av til 300 totalt i kyrkja.

Følgjande reglar gjeld:

- Lause stolar er ikkje tillate (desse er no fjerna frå kyrkjerommet)
- Rømmingsvegane (midtgang, sidegangar, dører og trapper) må vere utan hindringar
- Laust utstyr i koret, t.d. i samband med gravferd, må lett kunne ryddast unna
- Om vinteren må snø utanfor rømmingsvegane ryddast slik at folk kjem seg trygt ut og fram til samlingsplass ved Kyrkjestova.

Sak 24-23

Orienterings-/drøftingssaker

24-23-1 Status for rekneskap og årsmelding 2022 og budsjett 2023

Sekretæren la fram ein førebels rekneskap frå rekneskapsføraren i Hustadvika. Dette viser at resultatet for 2022 er om lag i balanse. Vidare har soknet 1,2 mill. kr. på disposisjonsfond og 350 000 udisponert mindreforbruk frå tidlegare år. I tillegg er det eit bunde investeringsfond på kr. 1,750 mill. kr. [til brannsløkkingsanlegg i kyrkja].

Ein tek sikte på å legge fram endeleg rekneskap og årsmelding for 2022 og budsjett for 2023 i SFR-møte medio mai.

24-23-2 Fasteaksjonen søndag 26. mars

16 konfirmantar dekte 8 roder og samla inn nesten 7000,- kroner på 2 timar. I tillegg kom det inn pengar på Vipps og kr. 2 100,- frå Husflidslaget. Samla resultat pr. no var kr. 11 136,-

Ein vil prøve å dekke fleire roder neste gang ved å engasjere fleire vaksne.

24-23-3 Arbeidet med lista til soknerådsvalet

Soknerådet har gjort eit godt arbeid med lista. Manga gode kandidatar har svara ja og dei fleste namna er klare. Lista blir endeleg vedteken og signert av soknerådet på eit møte i slutten av april.

24-23-4 Aukradagen 2023 – eventuell deltaking

Aukradagen blir 10. juni 2023. Soknerådet vil vere med og oppnemner i første omgang Peder, Kristian og Anne Berit som ansvarsgruppe. Ein må profilere saker som engasjerer folk, som kyrkjevalet og kyrkje i Julsundet. Elles må det vere servering av vaflar, quiz og konkurranse, t.d. ved å stille ut ein kyrkjebenk og spørje korleis ein kan bruke han.

24-23-5 Arbeidsavtale med kyrkjevevjarane

Sekretæren informerte om at AU hadde inngått arbeidsavtale med dei to kyrkjevevjarane. Avtalen gjeld til midten av mai med høve til forlenging. Vikarane går på såkalla pensjonistløn og får dekt reisetid og reisekostnader.

SAK 25-23

Eventuelt

25-23-1 Kyrkjebladet

Første nummer av det nye kyrkjebladet for Aukra er ferdig og resultatet har blitt svært flott! I sak 17-23 gjorde SFR vedtak om å dekke meirkostnaden med å få ut 4 nummer av bladet i 2023 og å ta bladet inn i si verksemd. Det viser seg no at kostnaden blir høgare enn forventa og førebels står utan dekning.

Redaksjonen avtalte på førehand at Evy skulle ha ansvar for å designe bladet mot timebetaling. Ho brukte 45 timar, og soknerådet vedtok å betale ut dette. Timetalet for komande nummer vil bli lågare, men vilkåra må avklarast betre. Det bør også hentast inn ein pris frå EKH på trykking inkl. design. Sekretæren sjekkar evt. momskomp.

Kyrkjebladet bør få eit eige kapittel i budsjettet for 2023, med ei økonomisk ramme for året som redaksjonen må halde seg innanfor.

25-23-2 Komande møte i SFR – endring av møteplan

Det er sett opp møte i SFR 20. april og 4. mai. Begge passar dårleg med ymse fristar. SFR vedtok å endre datoane til onsdag 26. april og torsdag 11. mai.

Saker til 26. april (AU tysdag 18. april):

- Vallista til soknerådsvalet
- Innstilling om val av entreprenør til brannsløkkingsanlegget. Svein Løwe ber Multiconsult lage innstilling. Førebels rekneskap for 2022 viser at det truleg er økonomisk dekning for å gjennomføre prosjektet innanfor budsjettet.

Saker til 11. mai (AU tysdag 2. mai):


- Rekneskap for 2022 (evt. med atterhald om revisorgodkjenning)
- Årsmelding for 2022
- Budsjett for 2023
- Tilbakemelding på pålegg etter brannsyn i kyrkja og på kyrkjelydshuset

Alle møta startar kl. 18.40.

Aukra 19.04.2023

Eva Beate Nybø
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk
Referent (sign)



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Onsdag 26. april 2023
Møtetid: 18.40
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 27-23 Godkjenning av liste til soknerådsvalet 2023

Aukra sokneråd har arbeidd med å skaffe kandidatar til soknerådsvalet 2023. Fram til AU sitt møte 18.04.23 hadde 10 kandidatar sagt ja til å stå på lista. Det skal veljast 8 faste representantar + 5 vararepresentantar. Lista bør såleis innehalde minst 13 kandidatar. AU arbeider med å få fram 3 kandidatar til innan møtet i soknerådet.

Dei formelle valreglane seier at ein nominasjonskomite skal sette opp eit listeforslag med tilstrekkeleg mange kandidatar (her: 13). Komiteen skal vidare skaffe fram 10 forslagsstillarar (inkludert komiteen sjølv) som set opp den endelege lista i prioritert rekkefølge. Denne lista skal leverast til valstyret, som er soknerådet. I Aukra har soknerådet vald å vere nominasjonskomité samtidig som det er valstyre, og har såleis full styring med prosessen.

AU var ikkje kjent med kravet om prioritert liste ved si handsaming 18.04.23. Dei fann det vanskeleg å prioritere mellom kandidatane, og sette derfor opp listeforslaget i alfabetisk rekkefølge slik at den endelege rekkefølga ville bli avgjort gjennom valet (veljarane har høve til å endre vallista ved å gi ei ekstra stemme til inntil 3 kandidatar og i tillegg føre opp 3 ekstra namn på valbare personar i soknet).

AU sitt listeforslag ser da slik ut, men slik at supplerande kandidatar vil gå inn på alfabetisk plass:

1	Marta Kristine Eidskrem
2	Kari Fanghol
3	Hans Kristian Furnes
4	Britt Karin Laastad
5	Erlend Melbye
6	Per Arne Rindarøy
7	Anne Berit Oterhals Skrede
8	Terese Solem
9	Rune Vågøy
10	Janne Wie

Ut frå valreglane må soknerådet som nominasjonskomité derfor sette opp ei prioritert liste.

FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:

Aukra sokneråd/forslagsstillarane leverer følgjande liste til soknerådsvalet 2023:

...



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Onsdag 26. april 2023
Møtetid: 1840
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 28-23 Val av entreprenør til sprinkleranlegg i Aukra kyrkje

Sakshandsamar: Svein Løwe

BAKGRUNN

Det har i lengre tid vore arbeidd med å skaffe Aukra kyrkje eit automatisk brannsløkkingsanlegg. Multiconsult har prosjektert eit anlegg som blei lagt ut på Doffin-basen to gonger – våren og sommaren 2022 – med invitasjon til å kome med tilbod. Men det kom ingen respons. Derfor tok ein kontakt med tre lokale entreprenørar med spørsmål om å gi eit pristilbod på prosjektet. To entreprenørar har kome med tilbod.

Det er budsjettert med kr. 1 500 000 til brannsløkkingsanlegg i Aukra kyrkje. Pengane vart løyvd i 2018, men prosjektet har vore utsett pga. kapasitetsproblem. Pengane er sett på eit bunde investeringsfond som pr. i dag viser kr. 1 750 000. Dette er eit prosjekt som må prioriterast no, då det gjeld bevaring av kyrkja vår i tilfelle brann.

UTGREIING

Allereie i 2017 gjorde SFR vedtak om å få installert brannsløkkingsanlegg i kyrkja. Vi estimerte ein kostnad til 1 500 000 kr, og dette var med i ein søknad til kommunen der ein også bad om pengar til m.a. nytt ringeanlegg, ny gravemaskin, oppgradering av kyrkja og meir lys på kyrkjegarden. Det førte til eit ekstra tilskot i mars 2018 på kr. 2 230 000 til nokre av dei prosjekta vi bad om. SFR var nok litt optimistiske då dei i søknaden meinte at brannsløkkingsanlegget skulle realiserast allereie i 2018. Men tida har løpt frå oss, og prosessar tek lenger tid i det offentlege enn vi trur. Når noko skal gjerast i kyrkja, må vi ha løyve frå biskopen og riksantikvaren. I tillegg har vi hatt kapasitetsutfordringar på kyrkjekontoret m.a. pga. skifte av kyrkjevevje. Men i 2020 vart det sendt ut førespurnad til tre konsulentfirma, Norconsult, Cowi og Multiconsult, om hjelp til å planlegge og gjennomføre installering av eit brannsløkkingsanlegg i kyrkja.

Valet fall på Multiconsult som har prosjektert og laga anbodspapir for anlegget. Dei har også bistått i kontakt med biskop og riksantikvar. Anbodsinnbydinga låg ute både sommaren og hausten 2021 på Doffin utan at det kom respons. Derfor vart tre lokale firma spurt om å kome med tilbod. To av dei har levert tilbod, Langseth Rør AS og Comfort Rørpartner AS.

Tilboda vart som følgjer:

Langset rør (korrigert etter kontrollrekning) kr 2.297.425,- eks mva.
Comfort Rørpartner AS (kontrollrekna) kr 2.830.658,- eks. mva.
Multiconsult tilrår å leggje til 100 000 kr for å dekkje uforutsette utgifter.

Undervegs har vi vore gjennom søknad til biskopen og riksantikvaren og fått godkjenning frå begge til å gjennomføre arbeidet. Vi har også fått oppgradert vasstilførsla til kyrkja, slik at det skal vere nok vatn til det anlegget vi har planlagt.

Vi har planlagt eit Pre-Action anlegg, eit sprinklaranlegg som vert utløyst av branndetektorar i bygget. Grunnen til at det bør vere ei god løysing hos oss, er at mykje av installasjonen vil liggje oppe på loftet i kyrkja. Der kan ein ikkje garantere at det alltid er frostfritt, så anlegget kan ikkje vere vassfylt når det ikkje er i bruk.

Multiconsult har gått gjennom dei to tilboda vi har fått på gjennomføring av arbeidet og vurdert dei. Begge firma stiller nokså likt både når det gjeld kvalifikasjonskrav, kvalitet og kapasitet. Det som skil dei, er pris. Skilnaden i pris på om lag 500 000 + mva er så pass stor at den må vege når ein skal velje entreprenør. Multiconsult har rådd oss til å velje Langseth Rør AS.

KONKLUSJON

I og med at det er gjort eit grundig arbeid med å gå gjennom dei to anboda vi har fått, meiner ein at det er rett å gå inn for tilrådinga frå Multiconsult og inngå kontrakt med Langseth Rør AS. AU har i møte 18.04.23 slutta seg til dette.

ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

Kostnaden for brannsløkkingsanlegget på kr. 2 297 425 eks. mva. pluss om lag kr. 100 000 til uforutsette utgifter går ut over det som er budsjettert og sett av i eit bunde fond. Men rekneskapen for 2022 viser at det er tilstrekkeleg med midlar på ubunde disposisjonsfond og mindreforbruk dei siste åra. Derfor er det god dekning for å finansiere brannsløkkingsanlegget, og vi treng vi ikkje søkje kommunen om ekstraløyving ut frå det vi veit i dag.

FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:

Aukra sokne- og fellestråd kallar inn til forhandlingsmøte med intensjon om å inngå kontrakt om montering av sprinklaranlegg i Aukra kyrkje med Langseth Rør AS.

NOTAT

Oppdrag	Aukra kyrkje - Sprinkleranlegg	Dokumentkode	10225987-01-RISP-NOT-001
Emne	Tilbudsevaluering	Tilgjengelighet	Åpen
Oppdragsgiver	Aukra kyrkjelyd	Oppdragsleder	Ronny Samuelsen
Kontaktperson	Svein Løwe	Utarbeidet av	Ronny Samuelsen
Kopi		Ansvarlig enhet	10233023 Seksjon VVS Vest

SAMMENDRAG

Det er mottatt to tilbud for Sprinkleranlegg – Aukra kyrkje.

Tilbydere er Langseth rør og Comfort Rørpartner AS.

Begge tilbydere oppfyller kvalifikasjonskrav.

Langseth rør har det økonomisk gunstigste tilbudet og vi anbefaler at det inngås forhandlinger med dem.

1 Innledning

I samarbeid med Aukra kyrkjelyd har Multiconsult gjennomført en åpen tilbudskonkurranse for anskaffelsen.

Etter to utlysninger på Doffin i 2022 hvor ingen meldte sin interesse for å gi tilbud ble det avtalt at Multiconsult skulle forespørre tre aktuelle lokale tilbydere om de var villig til å gi tilbud. Alle tre svarte bekreftende på det men det var bare to som leverte tilbud.

Det var Langseth rør AS og Comfort Rørpartner AS som leverte tilbud.

2 Kvalifikasjonskrav

Krav	Comfort Rørpartner	Langseth rør
Firmaattest	OK	OK
HMS egenerklæring	OK	OK
Skatte og avgiftsforhold	OK	OK
FG sertifisering utførelse	OK	OK
Referanseprosjekter	OK	OK
Tilbudsbrev	OK	OK
Kompetanse og bemanning	OK	OK

REV.	DATE	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV
	18.01.2023	Tilbudsevaluering	RONS	CDH	RONS

3 Tildelingskriterier

Multiconsult har gjennomgått mottatte tilbud og utført kontrollregning av disse. Etter vår gjennomgang fremkommer følgende:

Comfort Rørpartner AS har tilbudt oppdraget ihht beskrivelse og vår kontrollregning for:

	kr	2.830.658,-	eks. mva.
+ 25% mva.	kr	<u>707.654,50</u>	
SUM inkl. mva.	kr	3.538.322,50	

Langseth Rør AS har tilbudt oppdraget ihht beskrivelse og vår kontrollregning for:

	kr	2.297.425,-	eks. mva.
+ 25% mva.	kr	<u>574.356,25</u>	
SUM inkl. mva.	kr	2.871.781,25	

Tildelingskriterier vurderes nedenfor.

Tilbydere		Comfort Rørpartner AS		Langseth rør AS	
Grunnlag		Poeng	Vektet	Poeng	Vektet
Tildelingskriterier	Vekt				
Pris	50%	8	3	10	5
Kvalitet	30%	10	3	10	3
Kapasitet.	20%	10	2	10	2
SUM:			8		10
Rangering:			2		1

I evaluering av pris vil laveste tilbudspris få 10 poeng.

4 Anbefaling

På bakgrunn av gjennomgangen er vår anbefaling at kyrkjelyden kaller inn til forhandlingsmøte med intensjon om å inngå kontrakt med Langseth Rør AS.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Onsdag 26. april 2023
Møtetid: 18.40
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 29-23 Orienterings-/drøftingssaker

29-23-1 Tidsplan – tilsetjing av domprost i Molde domprosti

E-post frå bispedømekontoret v/Lars Skagestad:

Fra: Lars Hansen Skagestad

Sendt: mandag 17. april 2023 13:46

Til: Ingeborg Synøve Midttømme <im634@kirken.no>; Kyrkjevevja i Molde <hans.jakob.nes@molde.kirken.no>; Harald Ednar Hagen <Harald.Hagen@hustadvikamenighet.no>; Kyrkjevevja i Aukra <elizabeth.sovik@aukra.kommune.no>; Høgset, Tommy <tommy.hogset@rauma.kirken.no>; Arvid Helle <ah274@kirken.no>; Anne-Marit Hagelund <AH242@kirken.no>; Domprosten i Molde - Olav Gading <olav.gading@molde.kirken.no> <olav.gading@molde.kirken.no>; Konst. prost i Indre Nordmøre <vidar.rygh@sumadal.kyrkja.no>; Prosten i Nordre Sunnmøre <svein.runde@kyrkja.alesund.no> <svein.runde@kyrkja.alesund.no>; Prosten i Søre Sunnmøre <prosten@volda.kyrkja.no>; Prosten i Ytre Nordmøre - Sindre Kulø <prosten@kristiansund.kommune.no> <prosten@kristiansund.kommune.no>; Tor Martin Koppang <tk258@kirken.no>

Emne: Tidsplan for tilsetjing av domprost i Molde domprosti

Viktighet: Høy

Til

Biskopen i Møre

Alle prostane i Møre

Alle sokneråda i Molde domprosti v/ Kyrkjevevjene

Presteforeningen

Fung. Stiftsdirektør Arvid Helle

Personalleiar Anne-Marit Hagelund

Kopi

Tilsette ved bispedømekontoret

TIDSPLAN – TILSETJING AV DOMPROST I MOLDE DOMPROSTI

Stillinga som prost i Indre Nordmøre prosti er lyst ut. Vi ser for oss følgjande tidsplan, og vil orientere om den allereie no:

5.mai Søknaadsfrist

6.mai Innkalling til intervju, utsending av brev om offentleg søkjarliste, og brev om prosessen vidare inkl utvida søkjarliste

9.-10.mai Intervju (Molde)

15.-30.mai	Sokneråda har møte
31.mai	Frist for sokneråda til å sende inn sin uttale
6.juni	Innstillingsprotokoll klar
16.juni	Bispedømerådsmøte

Det vil kome meir informasjon om prosessen og reglar for tilsetjinga når søknadsfristen har gått ut. Alle sokneråda vil få høve til å **uttale** seg om kven dei ønskjer tilsett, jfr personalreglementet §14 «Ved tilsetting av prost har menighetsrådene i prostiet anledning til å gi uttalelse om hvilke tre personer blant søkerne disse ønsker tilsatt».

I **intervjuet** kan inntil to valde representantar for sokneråda i prostiet delta . Jfr personalreglementet § 12. «Ved intervju av søkere til stilling som prost deltar ytterligere én representant fra et menighetsråd i prostiet.» Biskopen kan og ta del i intervjuet. jfr personalreglementet § 12 . «Ved intervju i forbindelse med tilsetting av prost kan også biskopen delta»

Innstillingsrådet består av ein (sette) prost (som leiar innstillingsrådet sitt arbeide), stiftsdirektør, Presteforeninga og ein representant for sokneråda. jfr Personalreglementet § 8 «Innstillingsrådet består av vedkommende prost, stiftsdirektøren eller den denne gir fullmakt, én representant for arbeidstakerne og én representant for det eller de berørte menighetsråd.»

Vi ber sokneråda allereie no vert samde om kven (inntil 2 stk) som skal representere sokneråda i intervjuet, og melde dette til bispedømmekontoret innan 3.mai.

Med venleg helsing

Lars Skagestad

Rådgivar personal
Møre bispedøme
+47 90 98 63 53



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedøme – 40 år i 2023



Meir himmel på jorda | www.kyrkja.no/more

29-23-2 Førespurnad om Open kyrkje sommaren 2023

e-post frå Aukra kommune v/Jens Petter Kjøll

Fra: Kjll, Jens Petter <jens.petter.kjoll@aukra.kommune.no>

Sendt: tirsdag 11. april 2023 13:37

Til: Risung, Kristian Finn <kristian.finn.risung@aukra.kommune.no>; Aukra - Kyrkjekontor Aukra <kyrkjekontoret@aukra.kommune.no>; Lwe, Aud <svein.lowe@sund-bredband.no>

Emne: Open kyrkje

Hei!

Aukra kommune skal etablere Turistinformasjon ved Aukra kulturhus frå sommaren 2023. I samband med dette vert det no jobba med revidere turistinformasjonen om Aukra kommune med attraktive reisemål med sykkel og til fots både på fastlandsdelen og på øya vår. Dette vil skje på ulike digitale plattformer.

I arbeidsgruppa som jobbar med denne revideringa vart det snakk om moglegheitene for å vise fram den vakre kyrkja vår gjennom konseptet Open kyrkje. Kan de ta opp dette i staben/soknerådet og om vi kan få til dette frå sommaren 2023? Ei av sykkelløypene vil gå forbi kyrkja og inn på turstiane i skogen, og då er kyrkja og området rundt fint å få med som ein stad å sjå i Aukra kommune.

Mvh

JENS PETTER KJLL

Dagleg leiar Aukra frivilligsentral, bookingansvarlig Aukra kulturhus

Mobil 971 82 668

Postadresse Nyjordvegen 10, 6480 Aukra

www.aukra.kommune.no

<https://www.facebook.com/Aukrafrivilligsentral>